
Fra: Lene F Sylta <lenesylta@me.com>
Sendt: torsdag 28. juni 2018 09.51
Til: Postmottak Lindås
Emne: Asfaltering av veg på Bruvoll

Hei,

Etter asfaltering av vegen bort til Barnas barnehage Hundvin er det blitt svært høge asfaltkantar, samt at ein møteplass er vekke. Mange foreldre har uttrykt bekymring over å køyre på vegen då ein er redd for å kome utanfor kanten med hjulet i situasjonar der ein må t. d rygge. Kjem ein utanfor kanten no er den så høg at bilen vil ligge og vippe på kanten, og understellet vil bli øydelagt. Ein ting er no når det er bart og fint, men til vinteren vil det vere veldig mykje verre.

Har kommunen planar om å jamne ut desse kantane eller sette opp sperringar? Foreldra i barnehagen håpar på det sterkaste at jobben ikkje er ferdigstilt slik det ser ut no.

Mvh,

Lene F. Sylta, forelder i barnehagen.